



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 12.11.2024
Tid: Kl. 09:00 - 14:30

Følgjande medlemmer møtte

Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Morten Mortensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Knut Robert Knutsen	Kinn Rødt
Hilmar Eliasson	Kinn V

Forfall

Miriam Johanne Nesje
Elisabeth Halsne

Parti

Kinn FrP
Kinn SP

Varamedlem

Heidi Borge

Parti

Kinn SP

Frå administrasjonen møtte:

Runa Nybakk, kommunalsjef
Anita Solbakken, tenesteleiar
Kjetil Høidal, kulturhusleiar
Mona Ødegård Standal, Oppvekst og kultur
Marianne Nødset, Oppvekst og kultur

Orienteringssaker:


Fellesorientering økonomiplan og kommuneplanen sin samfunnsdel v/kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen
God start, orientering frå Helse Førde v/Trude Folkestad
SLT koordinator v/Birte Sandal Rikstad
Teneste Helse v/Katrine Holvik Skinlo
Bustadsosialt arbeid/ gjengs leige og husleigeauke v/tenesteleiar Gjermund Veka
Orientering frå Origod om korleis dei jobber v/leiar Ola Teigen
Albertatunet og status riving av sjukehuset v/prosjektleder Elin Sørbotten
Orientering om demensvenleg samfunn v/demenskoordinator Linda Blålid Lågeide

Måløy, 13.11.2024

Hilmar Eliasson
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
062/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
063/24	Godkjenning av møteprotokoll
064/24	Refererte skriv og meldingar
065/24	Orientering om Kinn kommune si rutine for skuleskyss
066/24	Orientering om GOD START - samarbeidet om svangerskaps-, fødsels- og barselsomsorg mellom kommunane i Nordfjord og Helse Førde
067/24	Prioritering av spelemiddelsøknadar 2025
068/24	Organisering av barnekoordinatorordninga i Kinn kommune
069/24	Spørsmål/Interpellasjonar



Saksnr.	Utval	Møtedato
062/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

OPKUV- 062/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 062/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
063/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024

Godkjenning av møteprotokoll

OPKUV- 063/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 063/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Oppvekst- og kulturutvalet - 01.10.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
064/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024

Refererte skriv og meldingar

OPKUV- 064/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:

Røsyting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

OPKUV- 064/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.


Underliggende sak:

034/24, Referat frå Su møte 30.09.24 Nepjarhaugen barnehage

035/24, Møterfererat i Samarbeidsutvalet i Skavøypoll barnehage 23.10.2024

036/24, Tilbakemelding på oppfølging av politisk vedtak - Skulereiser og nye rutetider frå Skyss

037/24, Fylkeskommunalt tilskot til Storhallen i Vest AS



Saksnr.	Utval	Møtedato
065/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024

Orientering om Kinn kommune si rutine for skuleskyss

OPKUV- 065/24 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tek orienteringa om «Kinn kommune si rutine for skuleskyss» til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet tek orienteringa om «Kinn kommune si rutine for skuleskyss» til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune vart 7. desember 2023 sertifisert som Trafikksikker kommune av Trygg Trafikk. I samband med dette utarbeidde Kinn kommune temaplan for trafikktrygging. I tillegg utarbeidde kvar skule sin eigen trafikktryggingsplan. Desse ser i hovudsak på det som skjer knytt til trafikk og elevtransport i skuletida, og omtalar i liten grad reise til og frå skulen.

1. mai 2024 overtok Norled drifta av båtrutene i Florabassenget og det vart tidleg klart at ein streva med regularitet og forseinkingar, noko som skapte trong for å lage kommunale rutinar for skuleskyss med båt, sjølv om sentrumsskulane i Florø hadde eigne rutinar for dette frå tidlegare. I dag er det Torvmyrane skule, Krokane skule og Florø barneskule av barneskulane som har elevar som nyttar båt som skuleskyss.

I oppvekst og kulturutvalet 28.05.24 og i interpellasjon frå repr. Aud Norunn Vig (KrF) til kommunestyret, datert 17.09.2024, har politiskarane bede om orientering om Kinn kommune sine planar for trygg skuleskyss, med tydelege avklaringar av ansvarsfordeling mellom heim, kommune og fylke. Administrasjonen hadde ei mellombels orientering om arbeidet med rutine for skuleskyss i oppvekst og kulturutvalet 03.09.2024. Rutinen er no ferdig utarbeidd og den vedlagde planen søker difor å klargjere alle aspekt ved skuleskyss i Kinn kommune, inklusive planar for ulike situasjonar som kan oppstå i samband med skuleskyss.

Saksopplysningar:

Kinn kommune si rutine for skuleskyss er utarbeidd i fleire fasar, der vi prioriterte å starte med skuleskyss med båt, ut i frå ei risikovurdering. Her har dei tre barneskulane som har elevar frå øyane vore med på utarbeidinga. Vi har også vore i kontakt med Florø hamn for praktiske avklaringar kring tilhøve på kaia. Det har også vore fleire møte med Skyss om dette. Vi har også hatt møte med foreldrerepresentantar som bur i øyane for å få tilbakemelding på rutinen og sikre at den omfattar dei ulike situasjonane som kan

oppstå knytt til båtskyss. Alle skulane har i tillegg til vedlagde rutine eit eige dokument med bilete, namn og anna viktig info om alle barneskuleelevar som nyttar båtskyss. Der er også oversikt over viktige funksjonar på kaiområdet til (t.d. plassering av redningsstige, hjartestartar etc.). Dette skal sikre elevane ein trygg skuleveg og vere til hjelp for alle vaksne som er kaivakter for skulane.

Når denne rutinen var ferdig starta vi opp arbeidet med den overordna planen som også skal gjelde for gåing, sykling og skyss med buss. I dette arbeidet har vi hatt med representantar frå trafikkavdelinga i Florø og Måløy, jurist frå trafikkavdelinga, kontaktperson for skuleskyss i Kinn og beredskapsrådgjevar. Vi har også hatt eigne møter med Skyss for avklaringar av ansvar og samarbeid.

Vurderingar:

Kinn kommune har med denne planen fått ei omfattande rutine for skuleskyss som skal gjelde alle delar av elevane sin skuleveg. Den skal vere med å sikre at alle kjenner sitt ansvarsområde og at vi har beredskap for ulike situasjonar som kan oppstå knytt til skuleskyss. For å sikre gjennomføring må denne rutinen no gjerast kjend og forankrast ute i alle skulane. Den må også reviderast årleg.

Økonomiske konsekvensar:

Denne planen har ikkje direkte økonomiske konsekvensar for Kinn kommune, utover det som naturleg følgjer av kommunen sitt ansvar.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

<https://kinn.kommune.no/aktuelt/vi-er-stolte-av-a-ha-sikra-oss-status-som-trafikksikker-kommune.12269.aspx>

Rundskriv frå Udir:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/skoleskyss/udir-2-2019-retten-til-skyss1/1-innledning/>

Skyss sitt reglement for skuleskyss: [Reglement for skoleskyss i grunnskolen](#)

Temaplan trafikktrygging Kinn kommune 2021-2030:

<https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-a60e997f-9f44-45bb-80a9-ad8d8122410c/#/home>

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:

Mona Ødegård Standal orienterte om bakgrunn for, og utarbeiding av rutine for skuleskyss. Rutinen gjeld både for båtskyss og skyss med buss. Rutinen synleggjer også dei ulike aktørane sitt ansvar.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 065/24 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tek orienteringa om «Kinn kommune si rutine for skuleskyss» til vitande.

Vedlegg i saken:

Rutine for skuleskyss i Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
066/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024
041/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	12.11.2024

Orientering om GOD START - samarbeidet om svangerskaps-, fødsels- og barselsomsorg mellom kommunane i Nordfjord og Helse Førde

OPKUV- 066/24 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tek orienteringa til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet og Helse-, sosial- og omsorgsutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn for saka:

Arbeid med utarbeiding av ny særavtale mellom kommunane i Nordfjord og Helse Førde, om GOD START-tilbod ved sjukehuset på Nordfjordeid, er starta opp. Representantar frå kommunane Gloppen, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn deltek i arbeidsgruppa, saman med representantar frå Helse Førde. Arbeidet vert leia av Helse Førde.

Særavtalen har til hensikt å bidra til å realisere intensjonar om å få til desentraliserte tenester som er tilpassa både regionen og den enkelte kommune, slik dette går fram av utkast til *Delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga*, punkt 9:

Partane skal følgje opp intensjonane om desentraliserte tenester som er differensierte og tilpassa til behovet i regionar og enkeltkommunar. Det skal vere eigne særavtalar om lokale tenester knytt til svangerskap, fødsel og barsel (inklusive følgjeteneste) i dei regionane der det er behov for å utfylle delavtalen.

God Start ordninga som er etablert i Nordfjord og indre Sogn skal vidareførast. Denne ordninga inneber samarbeid om naudsynnte jordmorstillingar for å dekke både kommunane og spesialisthelsetenesta sitt behov.

Det nærare innhaldet i ordninga og partane sine plikter, er regulert i særavtalen. Ordninga skal evaluerast årleg før desember, jamfør punkt 14.

Både *Delavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga* og *Særavtale Svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester* skal til politisk handsaming i kommunane.

Saksopplysningar:

God Start er eit tilbod om svangerskaps-, fødsels- og barseloppfølging av kvinner som bur i Nordfjordkommunane. Tilbodet vart etablert i etterkant av at fødeavdelinga ved Nordfjord sjukehus vart nedlagt, og er eit samarbeid mellom kommunane og helseføretaket for å oppretthalde eit godt tilbod til kvinnene i regionen.

Tenestene ved GOD START skal ha tilbod om t.d. døgnkontinuerleg følgjeteneste, naudfødestove ved raske fødsler der ein ikkje kan nå fram til fødeavdeling og barseloppbald for kvinner som har gjennomført fødsel ved Volda sjukehus eller ved Førde sentralsjukehus, og kvinner som treng utvida barselstid. Tilbodet vil også omfatte svangerskapskontroll. God Start er såleis planlagt som jordmorsenter der ein utfører tenester som tilhøyrrer primærhelsetenesta, tenester som tilhøyrrer spesialisthelsetenesta, og følgjeteneste.

God Start vil også gjennomføre prosjekt om *Digital videokonsultasjon med barselkvinner*. I staden for fysisk heimebesøk av jordmor, vil det bli gitt tilbod om digital videokonsultasjon. Slik kan ein spare tid og ressursar i ein region med store reiseavstandar, og knapp tilgang på jordmor.

Kvar kommune vil ha tilgang på jordmortenester ut frå ein berekna stillingsprosent, og må i tillegg bidra med stillingsprosent inn i GOD START-ordninga. Medfinansieringa frå kommunane er ein føresetnad for å realisere tilbodet.

Trude Hansen Folkestad, avdelingssjef for kvinneklinikken ved Helse Førde, vil orientere og svare på spørsmål om det planlagde tilbodet knytt til GOD START, og samhandlingsansvaret som det nå vert arbeidd for å få til.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 066/24 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 12.11.2024:


Trude Folkestad frå Helse Førde orienterte om God Start og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 041/24 Vedtak:

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet tek orienteringa til vitande.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024

Prioritering av spelemiddelsøknadar 2025

OPKUV- 067/24 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at innkomne søknader vert prioritert slik som det går fram av saksutgreiinga. Vedlagt handlingsprogram vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at innkomne søknader vert prioritert slik som det går fram av saksutgreiinga. Vedlagt handlingsprogram vert godkjent.

Bakgrunn for saka:

Alle søknader om spelemidlar skal sendast til kommunen før dei vert sendt vidare til fylkeskommunen. Kommunen skal kvalitetssikre søknadane, behandle politisk og sende dei i prioritert rekkefølgje innan 15 januar.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og handlingsprogram for nærmiljøanlegg kan rullerast kvart år.

Programma syner kommunen si prioritering av utbygging av anlegg innan idrett og friluftsliv i

perioden 2025. Kinn kommune skal også vedta ei prioritert liste over spelemiddelsøknadar kvart

år. Til saman dannar handlingsprogramma og prioritert liste grunnlaget for fylket sin fordeling av spelemidlar.

Saksopplysningar:

Søknadsfristen for å sende inn søknader til kommunen var sett til 20 oktober. Ordninga er gjort kjend gjennom heimeside, Facebook og annonse i lokalavisa. Det er i år 14 søknader:

- 13 prosjekt i kategorien **ordinære anlegg**
- 1 prosjekt i kategorien **nærmiljøanlegg**

Dei fleste anlegga er prosjekt i kommunal regi.

Ikkje alle søknadane er komplette men administrasjonen vil arbeide saman med søkjarane for å prøve å få dei i orden før dei skal sendast inn til fylkeskommunen. Fristen for å sende dei frå kommunen til fylkeskommunen er den 15.01.2025.

Søknader som ikkje er i orden innan fristen vil vi ikkje kunne sende vidare. Søknadane som ikkje vert godkjent vert teken ut av lista og dei andre rykkje opp på prioriteringslista. Nokre av søknadane er avhengig av kommunal støtte for å bli finansiert.

Spelemiddelsøknadane skal prioriterast i to ulike grupper, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Etter at den kommunale fristen gjekk ut, vart det invitert til eit møte 30. Oktober med Kinn

idrettsråd for å få innspel til prioritering av søknader. Prioriteringslista som er vedlagt er utarbeida i lag med dei.

Vurderingar:

Vedlagt dokument syner innkomne spelemiddelsøknader for 2025. Kinn idrettsråd har prioritert søknadane på møte 30. oktober. Listene er basert på gjeldande prinsipp nedfelt i handlingsprogramma. Døme på denne prioriteringa er:

- Mangfald av idrettsanlegg – store anlegg plassert i nærleik til andre offentlege bygg
- Nærmiljøanlegg skal legge til rett for aktivitet på tvers av kjønn, alder og aktivitet.
- Nærmiljøanlegg knytt til skular og andre eksisterande anlegg skal prioriterast
- Sentrumsnære grøne lunger vert sikra og nærfriluftslivet prioritert med tanke på merking og gradering
- Anlegga må stette krav for universell utforming i.h.h.t. "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2024 For tildlingar i 2025" punkt 2.4.3 Universell utforming:
- Anlegget skal være universelt utformet. Det betyr at anlegget skal være utformet på en slik måte at det kan, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpasning eller en spesiell utforming, brukes av alle. For idrettsanlegg omfatter disse prinsippene alle som bruker anlegget, både idrettsutøvere, publikum, trenere, dommere, arrangementsteknisk personell og presse. Dette kan medføre at det kreves tiltak utover minstekrav i byggeteknisk forskrift.

Sti til dagsturhytte på Kletten har ikkje løyvingar i budsjett og blir sendt inn dersom det kjem løyving.

Kinn må i løpet av valperioden gjennomføre planarbeid innan mange fagfelt. Samfunnsdelen er den overordna strategiske planen for Kinn, der vi gir retning for utvikling av Kinnsamfunnet framover. Samfunnsdelen skal gje klare langsiktige mål innanfor satsingsområda som er peika ut på grunnlag av utfordringar og moglegheiter. Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styringsreiskap, som saman med handlingsprogrammet skal sikre målretta utbygging av anlegg. Vi har tre handlingsprogram; handlingsprogram for ordinære anlegg, handlingsprogram for nærmiljøanlegg og eit uprioritert langtidsprogram.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, gir anlegg for idrett og fysisk aktivitet rett til å søke tilskotsordninga til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemidlar). Det uprioriterte langtidsprogrammet viser behov for utbygging av anlegg i eit tiårs perspektiv. Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, samt langtidsprogrammet er knytt opp mot målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kvart år kan kommunen rullere handlingsprogramma. Det betyr at anlegg som er tildelt spelemidlar skal takast ut av programmet, og søknadsbeløp og forventa søknadsår oppdaterast.

I reviderte retningslinjer om kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (frå nov.2015), står det; "Rullering kan innebære endringer i prioriteringar, og anlegg fra

planens langsiktige del kan overføres til handlingsprogrammet. Rullering av handlingsprogrammet skal gjennomføres med medvirkning av aktuelle brukergrupper og politisk vedtak." Vidare står det under punkt 5.5 om revisjon av planen; "Revisjon skal normalt gjennomføres en gang i hver planperiode. Når det oppstår behov for å gjøre vesentlige endringer av planen, skal dette behandles på samme måte som revisjon av planen (for eksempel at helt nye større anlegg, eller anlegg som ikke er i samsvar med planens målsettinger, tas inn.)"

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lenkje til [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2024](#) _

For nokre av prosjekta blir tildelinga styrt av fylkeskommunen sin regionalplan.

[Regional plan for kultur 2023 - 2035 "Kultur bygger samfunn"](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:

Kjetil Høidal orienterte om saka.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 067/24 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at innkomne søknader vert prioritert slik som det går fram av saksutgreiinga. Vedlagt handlingsprogram vert godkjent.

Vedlegg i saken:

Prioritert liste spelemidelsøknader 2025 (1)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	12.11.2024
068/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	

Organisering av barnekoordinatorordninga i Kinn kommune

OPKUV- 068/24 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 12.11.2024

Orienteringa vert tatt til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande

Bakgrunn for saka:

Ønske frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, og helse -og sosialutvalet om orientering om korleis Kinn kommune organiserer ordninga med barnekoordinator.

Saksopplysningar:

Personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til koordinator, eventuelt barnekoordinator og individuell plan.

Ein individuell plan beskriv korleis tenestene skal samarbeide så pasient eller brukar får ei heilskapleg oppfølging, og kan nå sine mål. Planen vert utarbeidd i samarbeid med pasient eller brukar, eventuelt pårørande, og dei tenesteytarane som har oppfølging med pasient eller brukar. Planen vert oppdatert etter avtalt struktur, og er basert på behov og det som er viktig for pasient eller brukar, og det som er viktig for vedkomande – og eventuelt det som er viktig for foreldre og familie. Viktige punkt i ein individuell plan er;

- Kva er viktig for deg ?
- Mål å jobbe mot.
- Kven som har ansvar for kva – og når.
- Oversikt over tenester og aktørar.

Aktører er alle som pasient eller brukar har tenester frå. Dette kan til dømes være helse- og omsorgstenesta, fastlege, NAV, barnevern, tilrettelegging i skule og barnehage.

Koordinator eller barnekoordinator er ein av pasient eller brukar sine fagpersonar som har eit særskilt ansvar for å legge til rette for at tenesteytarane samarbeider godt så du

får ei god og koordinert oppfølging. Koordinator eller barnekoordinator vil ofte være ein av dei pasient eller brukar mottek tenester frå. Pasient eller brukar kan kome med ønskje på kven dei vil ha som koordinator eller barnekoordinator.

Føremålet med barnekoordinator:

- Barnet ungdommen og familien i sentrum
- Tid til å være foreldre
- På eit tidleg tidspunkt identifisere barn og unge som er i ein utsett situasjon
- Rett hjelp til rett tid med rett kompetanse, inkludert samhandlingskompetanse
- God informasjon og rettleiing om relevante velferdstenestetilbod.

Kva gjeld særskilt for barnekoordinator ? Barnekoordinator er ei spesialregulering av koordineringsplikta som gjeld ovanfor familiar med barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Barnekoordinatoren skal koordinere velferdstenestene til familien og barnet. Barnekoordinator kan og oppnemnast før barnet er fødd. Når barnet eller familien er innlagt på sjukehus er det sjukehuset som skal tilby koordinator, melde behov for individuell plan og koordinator til kommunen, og ved behov samarbeide med kommunen om oppfølginga. Barnekoordinator skal då samhandle med barnet sin koordinator i spesialisthelsetenesta, og på den måten sikre heilskaplege forløp – og at en jobbar mot felles mål.

Barnekoordinator skal og følgje opp at kommunen ivaretek ansvaret sitt for oppfølging, rettleiing og tilrettelegging. Til dette treng ein individuell plan som bidreg til at familien får ei samla oversikt, og at dei ulike aktørane vert ansvarleggjort. Barnekoordinatoren skal ikkje overta oppgåver som ligg til tenestene, men sørge for naudsynt koordinering av det samla tenestetilbodet, ha oversikt over tilboda, sørge for at familien får naudsynt informasjon og rettleiing og framdrift i arbeidet med individuell plan.

Forholdet mellom barnekoordinator og «vanleg» koordinator:

- Begge koordinatorordningane har felles sentrale vurderingstema; om barnet/ungdommen har eit hjelpebehov og ein helsetilstand som krev samansette og koordinerte tenester.
- Vilkår for å ha rett til barnekoordinator er samla sett noko strengare enn for vanleg koordinator; barnekoordinator inneber ei utvida koordinatorordning fordi den vert tildelt familien, ikkje bare pasient/brukar.
- Det skal tildelast kun ein rettighetsbasert koordinatorfunksjon i kommunen per familie eller pasient/brukar ; Valfritt for familien og pasient/brukar kva koordinatorfunksjon som dei ønskjer om vilkåra for begge er oppfylt. Brukarmedverknad står sentralt. Kommunen kan ikkje avslå rett til barnekoordinator grunna økonomisyn. KE tar initiativ til å avklare om barnet, ungdommen og familien ønskjer barnekoordinator eller koordinator om retten er oppfylt.

Vurderingar:

Kinn kommune organiserer individuell plan, koordinator og barnekoordinator utifrå koordinerande eining.

Koordinerande eining er ei tverrfagleg gruppe med fagfolk som har forvaltningsansvaret for å sikre koordineringsordningane koordinator, barnekoordinator og individuell plan. Dei har og ansvar for å vurdere og sakshandsame søknader om individuell plan, barnekoordinator og koordinator. Kalle inn til kartlegging og oppstartsmøter. Ta avgjerd om kva avdeling som skal avgje koordinator eller barnekoordinator. Tverrfagleg rådgjeving. Opplæring av koordinatorar, støtte til koordinatorar og oppfølgingsteam, årlege evalueringar og kvalitetsarbeid basert på evalueringar, systemarbeid, og strukturen BTI mellom anna (BTI står for metodikken Betre Tverrfagleg Innsats). Dei tilsette i Koordinerande eining er og sjølv koordinatorar i fleire saker.

Døme når det kjem ein søknad eller henvending om barnekoordinator:

- Koordinerende eining (KE) vurderer søknad eller henvending. KE får skriftleg samtykke frå føresette til å samhandle med aktørane som er aktuelle, som har ei rolle i laget rundt familien og barnet. Det vert og spurt kven dei ønskjer som barnekoordinator. Det er ikkje gitt at ein får ønsket sitt oppfylt, men det er noko som vert vurdert. Kinn kommune har satt ei grense på 5 koordinatorsaker per tilsett.
- KE kallar inn til første møte. Her er alltid føresette med, fastlege, koordinerende eining, og andre aktørar som allereie er aktørar rundt barnet. Til dømes helsesjukepleiar, ergoterapeut, Nav. Barnehage.
- KE har mynde til å bestemme kven som skal være barnekoordinator. Dette er individuelt etter kva situasjonen til familien og barnet er. Det er eit mål at det er ein av fagpersonane rundt barnet/familien som vert barnekoordinator. Familien får enkeltvedtak om kven som vert barnekoordinator. I vedtaket står det og om rammene og ansvaret til barnekoordinatoren, og kven andre som er med i «laget rundt barnet.»
- KE gir opplæring til familien, barnekoordinatoren, og andre aktørar i det elektroniske systemet for Individuell plan som Kinn kommune nyttar. (Flyt Samspill).
- KE tilbyr alltid å være med barnekoordinator i dei første møta, og er ellers tilgjengeleg for råd og rettleiing.

Kva barnekoordinatoren gjer i praksis:

- Sikre samordning av tenestetilbodet og lede oppfølgingsteamet («laget rundt barnet»). Det vil seie kalle inn til oppfølgingsmøta etter ein avtalt struktur. Sørge for at det vert skreive individuell plan for arbeidet i Flyt Samspill. Dette vert som oftast gjort i møtet og fungerer både som møtereferat og plan for vidare oppfølging. Føremålet med desse møta er å avklare og ansvarsplassere kven som skal gjere kva og at aktørane jobbe mot felles mål – etter kva som er viktig for familien.
- Barnekoordinatoren skal samhandle med koordinator med sjukehus – der barnet er innlagt.
- Barnekoordinatoren skal kunne sørge for at familien får naudsynt råd og rettleiing. Det er ikkje eit krav om at alle koordinatorane har oversikt over alt. Det vil være ei umogleg oppgåve, men KE har laga strukturar der barnekoordinatoren kan henvende seg for råd og rettleiing

Fast struktur der barnekoordinatorane kan henvende seg er Arena for samhandling med Koordinerende eining. Dette er ein fredag i månaden. Alle skular og barnehagar, og støttetjenestene har fått informasjon. Arenaen er oppretta for å ivareta kompetanse i koordinatorrolla. KE har samla kunnskap og kompetanse i alle fagfelt, regelverk og retningslinjer, rettleiarar og styringssystem – og dette er ein viktig arena for barnekoordinatorar. Det er elles lågterskel for å ta kontakt med KE.

Det er opp til kommunane korleis ein organiserer barnekoordinatorordninga. Det er ei ny ordning, og første evaluering nasjonale evaluering er ikkje varsla før i 2027. Dette fordi mange kommunar brukar mykje tid på å finne sine modellar. Generelt er det 2 modellar som er valt. Den eine er å organisere barnekoordinator som Kinn kommune har valt, den andre er å tilsette eigen barnekoordinator. Det siste er ei veldig sårbar ordning, og fleire kommunar har allereie valt å gå vekk ifrå den.

Kommunedirektør vurderer Kinn kommune si organisering av barnekoordinator som ein berekraftig modell, som er innafor krav, retningslinjer og heilt i tråd med dei anbefalingane som er gitt av helsedirektoratet.

Økonomiske konsekvensar:

Koordineringsansvaret skal organiserast innanfor tenestene sine rammer.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Familiens rett til barnekoordinator følg av pasient og brukarrettighetslova §2-5c:
«Familiar som har eller venter barn med alvorlig sjukdom, skade eller nedsatt funksjonsevne, og som vil ha behov for koordinerte helse -og omsorgstenester og andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator i samsvar med helse-og omsorgstjenesteloven § 7.2 a.»

Kommunen plikt til å oppnevne barnekoordinator følger av helse -og omsorgstjenesteloven § 7.2 a

Kommunen skal planlegge, gjennomføre, evaluere og koordinere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift, se helse – og omsorgstjenesteloven § 3-1 tredje ledd.

- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten
- Enhetlig praksis i kommunen – presedensarkiv, interne retningslinjer m.v

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 068/24 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 12.11.2024:

Leiar for strategi og utvikling, Trude Gulbranson orienterte om korleis Kinn kommune har organisert barnekoordinator.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 040/24 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
069/24	Oppvekst- og kulturutvalet	12.11.2024

Spørsmål/Interpellasjonar

OPKUV- 069/24 Vedtak:

OK-utvalet ber administrasjonen om å arbeide vidare med sak om kulturfond fremma som interpellasjon av AP/V i kommunestyret den 22. oktober 2024.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 12.11.2024:

"Oppvekst- og kulturutvalet kan ikkje rå til å legge ned Krokane og Raudeberg skule.", foreslått av Knut Robert Knutsen, Kinn Raudt

"Oppvekst- og kulturutvalet kan ikkje rå til å legge ned Krokane og Raudeberg skule slik budsjettforslaget for 2025-2028 tilseier"

Utvalet vil peike på at ei eventuell nedlegging av større skular av praktiske og juridiske årsaker krev at ein først ferdigstiller bygging av ny skule på Skram i Nord-Kinn, og at ein ferdigstiller utvidingar og utbetringar av resterande skulebygg i Sør-Kinn slik at dei kan ta over elevmassen til dei skulane som vert føreslått nedlagt.

Dette er bygging som ikkje er planlagt ferdigstilt før tidlegast budsjettåra 2027 (Skram) og 2030 (naudsynte og lovpålagte utbyggingar ved Florø Barneskule).

Oppretting av kulturfond, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
OK-utvalet ber administrasjonen om å arbeide vidare med sak om kulturfond fremma som interpellasjon av AP/V i kommunestyret den 22 oktober 2024.

Ingen interpellasjonar.

Raudt v/repr. Knut Robert Knudsen la fram eit framlegg vedrørende nedlegging av skular. Det vart samrøystes einighet om at framlegget ikkje skal behandlast i dette møtet, men skal takast opp igjen i møtet 19.11.2024, når budsjett og økonomisak skal behandlast.

Venstre v/repr. Hilmar Eliasson tok opp saka om oppretting av kulturfond som var på

oppe i kommunestyremøtet 22.10.2024.

Røysting:

Framlegg frå Venstre v/repr. Hilmar Eliasson om oppretting av kulturfond samrøystes vedteke.

OPKUV- 069/24 Vedtak:

OK-utvalet ber administrasjonen om å arbeide vidare med sak om kulturfond fremma som interpellasjon av AP/V i kommunestyret den 22. oktober 2024.